

# TURMÅL I LESJA SOMMARHALVÅRET 2017

Dei fleste turmåla tek utgangspunkt i turguiden «På tur i Lesja». Ny revidert utgåve kjem ca. 1. juli 2017. Kommunens grendeutval har valt ut turmåla i år. Turmåla skal vere ein inspirasjon til å kome seg ut og bli kjent nye stader i bygda. Det er to turmål i kvar grend, og der er det plassert ut «fysak-kasse» med bok. Det er trivelig om du skriv namnet ditt i boka, slik at vi kan sjå kor mange som besøker turmåla. Alle kassene skal vere på plass 30.juni. Turkassene blir teke ned etter haustferien - veke 41. Vi ønskjer alle ein fin tursommar i Lesja! God tur!



| TUR NR | GREND       | TURMÅL         | BESKRIVELSE                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|--------|-------------|----------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1      | Bjorli/Rånå | RÅNÅKOLLEN     | Køyr av E136 til Rånå. Køyr Rånåvegen og etter ca 3 km parkerer du ved gamle Rånå skule. Følg Rånåvegen attende til skilt Rånåkollen. Råket er merka frå Rånåvegen Råket går i kanten, langsgjerdet og ein steinmur, ikkje over jordet. Vidare til toppen av Rånåkollen 1160 moh.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 2      | Bjorli/Rånå | BØVERBOTN      | Parker ved Bjorli Skiheiser. Følg skilting. Gå oppetter langs høgreside av Bøvre. Åa har flotte elvestryk og fine fossar. Etter ca 3,5km kjem du til eit vegskille der eit råk går til Bøverbotten, medan det andre held fram innover mot Eikesdalen. Her går du gjennom den flotte Gravdalen. I Bøverbotten kan du krysse Bøvre i osen og gå til Toppen                                                                                                                                                                                                                                            |
| 3      | Lesjaskog   | KRISTJANTJØNNA | Ligg ved Grøna, på vestsida av elva, ca. 850 moh. Følgje dei oppmerka stigane mot vestsida av Grøndalen, frå Håmårfossen, Kvitlan, eller Grønfossen. Bruk dei merka parkeringsplassane ved desse punkta. Ovafor Stormyra, der stigane møtest, går ein 300-400 meter vidare til skiltet om viser vegen til tjønna. Går ein litt vidare austover frå tjønna, kjem ein til kanten av Grøna, og her kan ein følgje vestsida av det imponerende gjelet nedover til Grønfossen. Om utgangspunktet er ved Håmårfossen eller Kvitlan, kan ein følgje Sykkelstigen attende dit. (Turen er ca. 4 km ein veg). |
| 4      | Lesjaskog   | STORHAUGBERGET | Ligg i skoggrensa ved vestsida av Skottåa, ca. 950 moh. For å koma hit, parkerer ein i Øverbygdsvegen og følgjer T-stigen til ein passerer grinda ovafor Sørpå-Enstad. Deretter skilt/merking vidare. Storhaugberget er eitt av dei punkta som gjev svært god utsikt over Lesjaskogen og Skogavatnet. Turen er ca. 2 km ein veg.                                                                                                                                                                                                                                                                    |

|    |               |                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |
|----|---------------|---------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 5  | Lyftingsmo    | HOLSETHOVDAN (VETTAN)           | Parkering idrettsplassen (Lora). Kryss E136, gå ca 200 m austover vegen til skilt. Gå opp ved gamle Lyftingsmo skule, undergang Raumabana. Tydelig råk. Der råket deler seg(skilta kryss) held du fram oppetter Lyftingsmodrogje.. Følg råket vidare innover snaufjellet til det deler seg. Eit råk går til Kvita på Dalsida, medan det andre går til Hosethovda.                                                                                                                                                                                                     |
| 6  | Lyftingsmo    | LYFTINGSMOVIGGA/ SØRE VIGGA     | Sving av frå E136 rett ned for Storhaugverkstaden. Sjå kart for å kome fram til parkering. Skilt til Søre Vigga. Frå her går du vegen langs med kanalen og vidare oppetter lia. Du kan gå bilvegen heilt opp, eller du kan svinge av til venstre eit stykke opp i lia og gå den gamle setervegen (skilta). På Vigga finn du turkassa helt uppe ved setre.                                                                                                                                                                                                             |
| 7  | Nordmo        | Gammel-Haukrusta                | «Gammel-Haukrusta» ved Haukruste Køyr Lordalsvegen (bomveg) ca 1,5 km og sving av skilta veg opp mot Haukruste. Parker ved setrene. Dette er ei stor freda furu som står ovanfor og sør for setrene.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| 8  | Nordmo        | Sveavarden                      | Køyr til Lora stasjon og parker her. Løypa går oppover langs Hosetdråget til Sveavarden.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
| 9  | Kyrkjebygda   | "DIREKTØRVARDEN"                | Frå Filling: Køyr over Fillinge og vidare 200m opp langs Dalsidevegen. Parker på venstre side. Gå opp setervegen. Etter ca 500m kryssar ein Fillinge over ei bru. I stidelet går ein rett opp - ikkje til venstre. Etter om lag 1,5 km kjem ein innpå Setervegen til Tandsetre. Ta til venstre langs vegen og opp til varden. Frå Lesja sentrum: Gå Skardvegen frå Lesja sentrum (mot Tussheim). I skardet held du fram på setervegen - ikkje mot Tussheim. Følg setervegen over høgda, du kryssar Djupdalsbekken og når varden ca. 4 km etter stidelet mot Tussheim. |
| 10 | Kyrkjebygda   | HOVDAN                          | Turmålet er skilta frå starten av setervegen til Avdemssetra. Turkassa vil ikkje henge på selve Hovdan.. Kassa vil henge i krysset Avdemssetra-Hovdan (på selve Hovdan-skiltet).                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| 11 | Bø            | ANDBERGSHØE 1184 moh,           | Parkering Myrin ved krysset inn til hyttefeltet eller Røde kors hytta, også mogleg å gå frå Køremsgrenda Slettmodroget.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
| 12 | Bø            | GJETERBU, Slådalsvegen (bomveg) | Gjeterbu som Vestsida beitelag eig. Parkering ved grustaket som ligg inntil Slådalsvegen der Tatteråe kryssar vegen. Følg Tatteråe opp til Storslågtjønn og Varmlandstjønne og ned mot Vesleskjervedalen. Eller frå Fauttjønne opp mellom Tatterhøi og Grønhøi ned mot Vesleskjervedalen og da ligg Gjeterbua i linje mellom toppene på Nonshøi og Grønhøi ned mot Vesleskjervedalen                                                                                                                                                                                  |
| 13 | Kjøremsgrenda | DJUPHOLO                        | Parkering ved Bottheimsbrua. Start frå Vestsidvegen ved hyttene rett sør for brua. Skilta. Vegen går bratt oppetter lia i retning Bottheimssetrene. Følg setervegen eit stykke oppover, skilta til Djupholo etterkvart når ein kjem inn på flata. Denne turen kan og starte på Vidflotten. Følg skogsbilvegen sørover i retning Bottheim. Skilta til Djupholo.                                                                                                                                                                                                        |
| 14 | Kjøremsgrenda | BAKLIHAUGEN                     | Ta av E 136 til nordre byggefeltet på Joramo. Følg skilting til Årbogen travbane. Køyr vestover forbi travbana, og du er nå komen til skogsbilvegen. Følg skogsbilvegen til høgde oppover. Kan parkere på snuplassen øvst i skogsbilvegen. Skilta.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |